

Olje- og Energidepartement

postmottak@oed.dep.no

13.12.2022

Høyringsfråsegn – heving av grensa for krav om funksjonelt skilje

Vi viser til Olje- og energidepartementet («OED») sitt høyringsnotat om forslag til endringar i energiloven (el.) § 4-7 om krav til funksjonelt skilje for nettforetak. Forslaget går i korthet ut på at funksjonelt skilje ikkje skal gjelde for nettforetak med færre enn 100 000 nettkundar.

Sognekraft støttar OED sitt endringsforslag.

Konsernet Sognekraft utgjer eit integrert føretak i Sogn i Vestland fylke med verksemder/selskap innan nett, kraftproduksjon og fiber/telekommunikasjon. Nettselskapet – Sygnir AS – har så vidt over 10 000 (unike) nettkundar, og konsernet var difor underlagt kravet om det funksjonelle skiljet i løpet av 2022. Sognekraft så seg likevel nøydd til å søke om midlertidig dispensasjon frå dette kravet, noko OED innvilga ved vedtak av 7. november 2022.

OED si føreslegne endring er svært fornuftig. Kravet til det funksjonelle skiljet er både kostnadsdrivande og praktisk problematisk for energikonsern av Sognekraft sin størrelse. Gjeldande krav fungerer i dag som hemmande for at mindre aktørar som Sognekraft skal kunne vareta sitt lokale samfunnsoppdrag på ein optimal måte. Ved å heve grensa til 100 000 nettkundar vil det ikkje berre vere kostnadssparande for konsernet, men også bidra til å sikre naudsynte rammevilkår for konsernet si praktiske gjennomføringsevne.

Energiselskap som Sognekraft har allereie vore gjennom ein omfattande og langvarig omorganisering som følgje av krava til selskapsmessige, jf. el. § 4-6. Med dette er det sikra at nettverksemd og anna verksemd er skilt frå kvarandre, og kombinert med lov- og forskriftsendringar for nettselskapa, er vernet mot kryssubsidiering og diskriminerande åtferd (med mål om å sikre nøytralitet) no godt ivareteke gjennom tydeleg regelverk og strukturendringar.

Ytterlegare inngripande verkemiddel må vegast mot den potensielle nytteverdien og – ikkje minst – den negative effekten av slike tiltak. Kravet om funksjonelt skiljet skal blant anna sikre at leiinga slepp målkonfliktar i konsernet, slik at nettverksemda vert reindyrka og drivast så effektivt som mogleg, jf. høyringsnotatet s. 2. I mindre konsern som Sognekraft oppnår ein derimot motsett effekt ved å nekte konsernet å organisere seg med dei tilgjengelege ressursane på ein føremålstenleg måte.

For Sognekraft sin del kom dette problemet klårast til uttrykk ved gjennomføringa av det krevjande omorganiseringsarbeidet som følgje av det selskapsmessige skiljet. Dette var grunnen til at Sognekraft såg seg nøydd til å søke om dispensasjon frå kravet til det funksjonelle skiljet, då kunnskapen og kompetansen hjå styremedlemer i Sygnir (som og sat i andre styrer i Sognekraft-

konsernet) var *sentral* for gjennomføringa av desse tunge prosessane på vers av konsernet. I denne samanhengen – og generelt for slike omstillingsprosessar – hadde kravet til det funksjonelle skiljet fungert som eit openbart hinder for god og effektiv gjennomføring.

Behovet for å kunne organisere seg utan slike restriksjonar er ikkje mindre på generell basis. I møte med det grønne skiftet som blant anna krev utvikling av ny «smart» nettstruktur, kombinert med auka elektrifisering og storstilt kraftproduksjon, har energikonserna generelt – og nettselskapa spesielt – ei sentral rolle. Det er då like sentralt at det vert fatta kostnadseffektive og framtidretta avgjerder utan ugrunna opphald. Dette fordrar kompetente leiarar som utover å ha innsikt i det omfattande energiregelverket, også kjenner sitt lokalområde og forstår korleis avgjerder kan gjennomførast effektivt og skånsamt.

Det forhold at leiarar i Sognekraft skal måtte skiftast ut, med grunnlag i gjeldande krav i el. § 4-7, er av desse grunnar problematisk. I eit mindre energikonsern som Sognekraft er slike ressursar avgrensa. Det er ikkje minst utfordrande å rekruttere kompetente personar til leiarstillingar på mindre plassar som Sogn, når ein då også samtidig må konkurrere med sentraliserte energiselskap og andre aktørar om dei same ressursane. Til dette kjem det også auka kostnader med rekruttering, opplæring, reiseverksemd etc. Resultatet er at energikonsern som Sognekraft både vil tape framdrift, pengar og kompetanse så lengje gjeldande grense til det funksjonelle skiljet vert ståande.

Samla sett har kravet til det funksjonelle skiljet, med innslagsfelt på gjeldande nivå, både kostnadmessige, praktiske og framdriftsmessige konsekvensar for energikonsern som Sognekraft. Auka kostnader for nettselskapet Sygnir vil samtidig bety at driftskostnadene aukar og at nettkundane vil måtte bere ein større del av dette gjennom høgare nettleige. Ved å auke grensa i el. § 4-7 til 100 000 nettkundar kan energikonsern som Sognekraft lettare nyttegjere seg av den kompetansen ein har tilgjengeleg og effektivt gjennomføre sitt pålagde samfunnsansvar til det beste for kundane og samfunnet elles.

Med helsing



Terje Bakke Nævdal

Konsernsjef

Sognekraft AS